

4. maj

1831



INNHALDSFORTEGNELSE

Helsing frå Leiar	side 3
Styrk 4.mai som debattorgan	side 4
Studentkampen - av Leiar.....	side 6
Innkalling til IK-konferanse.....	side 7
Vedtak fra IK-konferansen i Oslo(nsu)	side 8
8.mars - av kvinneansvarlig.....	side 9
NKS treng å bli større! - av Richard S.	side 10
Studer: Den historiske materialismen - av Stud.Ansv. ..	side 12
Raud Front allmøte i Oslo.....	side 14
Intellektuell eller kommunist - eller intellektuell kommunist - av Turid.....	side 15
Om våre særegne oppgaver - av Kalle.....	side 18
Kvinneundertrykking o vedtektene - av Einar.....	side 21
Skriv nynorsk - av Leiar.....	side 22



Vel overstått landsmøte kameratar! NKS sitt nye sentralstyre har no konstituert seg, og vi har starta den nye landsmøteperioden med å lage planar tufta på landsmøtevedtaka.

Heilt sentrale diskusjonar på landsmøte var korleis vi skal drive kommunistisk massearbeid blant studentane, og hvilke problemar som er størst for NKS no. Det som er hovudskille mellom NKS og andre studentorganisasjonar er at vi er kommunistar. Hovudskille mellom NKS og dei andre ml-organisasjonane er at vi er studentar og skal drive kommunistisk massearbeid blant studentane.

Landsmøte sin konklusjon var klår, - det er det kommunistiske aspektet ved NKS som er det viktigaste og ikkje at vi er studentar. Utan ei grundig skolering i den kommunistiske rørsla sitt teoretiske grunnlag, marxismen-leninismen-mao tse dong (m-l-m) si tenking, kjem vi ikkje vidare. Den låge prioriteringa av studiar i forrige periode og i tillegg ei gjennomsnittleg fartstid i NKS på 2 1/2 år, gjer behovet for studiar i organisasjonane til ein svært viktig oppgåve.

Utan ei revolusjonar teori, inga revolusjonar bevegelse (Lenin). Utan at heile organisasjonen eig denne teorien, kan vi ikkje utføre våre oppgåvar som kommunistiske studentar og som ein kommunistisk student organisasjon. Vår oppgåve er blant anna å organisera opprør, politisera dei og gi studentane vidare perpektivar. Det er i dei gryande studentopprør vår største utfordring og ansvar ligger.

Framleis går vervearbeidet til NKS treigt. Det er mange orsaker til det. Vi må bli flinkare til å trekke folk ikring oss med i arbeidet, og følge opp mulege nye medlemmar. Vi må bli flinkare til å stå frem som kommunistar. Når vi diskuterar nedskjeringa må vi bli flinkare til å legge frem vårt syn på kvifor dette skjer og korleis vi må sloss. Det er store mulegheitlar for å verve aleire medlemmar og å eit større gjennomslag for kommunistisk ideologi. La oss nytte studentdemonstrasjonane og aktiviteten rundt dei til å styrke NKS!

Eit anna sentralt tema på landsmøte var kvinnekamp. Kvinnekampen internt og eksternt skal prioriterast høgare. Leiinga skal gjennomføre ei undersøking på omfanget av kvinneundertrykkinga i NKS og korleis ho artar seg. I tillegg til organisatoriske tiltak er det sers viktig med studiar og politiske diskusjonar om kvinneundertrykking. Sommerleiren skal brukast til det. Tema på årets sommarleir blir: "Kvinnekampens strategiske tyng og kvinner i høgare utdanning. Eg oppmodar alle lag til å halde forberedelses møtar til sommarleiren.

Det innebærer eit stort anvar å vera kommunist, - ta det som ein utfordring! Lykke til!

Kameratsleg helsing frå Leiar.

STYRK 4.MAI SOM DEBATTORGAN - SKRIV INNLEGG !

Uten at det går en kontinuerlig debatt i NKS om rolla til det kommunistiske studentforbundet i Norge og arbeidet vårt som spydspiss i studentkampen, kan det heller ikke finnes noen felles bevissthet og praksis i NKS. Og uten at vi ser på oss sjøl som studenter der vi er - på høyskole, universitet, nord eller sør - kan vi ikke være drivkrafta blant studentene i kampen for et annet samfunn.

Myndighetene her i landet er allerede godt igang med å omlegge og bygge ned den høyere utdanninga. Studentene har begynt å røre på seg og NKS står foran den svære oppgava å lede denne bevegelsen. Og her er utfordringa for 4.mai: NKS er landsomfattende, men medlemmene jobber under helt forskjellige forhold rundt i landet. Derfor er debattene i NKS viktigere enn noen gang og en forutsetning for at NKS skal fylle rolla si og være det bevisste elementet som samler denne bevegelsen, og gjør den til ei virkelig kraft.

Utviklinga i høyere utdanning og samfunnet ellers slår selvfølgelig inn i NKS, og debattene om rolla vår er allerede igang. Dette er et sundt tegn. Det er de indre motsigelsene i NKS som må drive fram den felles bevisstheten og kunnskapen som gjør oss i stand til å lede kampene. Stillstand er død.

Linjekampene fram mot Landsmøtet sprengte ramma for 4.mai, som måtte gis ut i flere hefter. Men så lenge debatten i hovedsak aldri blei mer enn et Oslo-fenomen, kan 4.mai ikke sies å ha løst oppgava si. Nå må vi komme videre og målsettinga må være at hele landet kommer med. Vi kan ikke slå oss til ro med en "intern universitetet i Oslo debatt" Alle høyskolene og distriktene må med for at debattene skal bli forståelige og fruktbare. Dette er ikke Aftenposten!

Det er 4 debatter som peker seg ut som de mest aktuelle:

- 1) Hva er statens strategi for høyere utdanning, hva kan vi vente oss i tida framover. Omlegginga av høyere utdanning rammer distrikta og høyskolene. I neste nr. av 4. mai burde alle distrikta ha med et innlegg om interessekampen på sitt sted og hvordan de vurderer utviklinga.

- 2) Kvinnekampens strategiske betydning. Hva betyr kvinnekampen i klassekampen og i studentkampen spesielt. Denne debatten kommer ikke av seg sjøl, hvem trekker igang.
- 3) Vi skal skolere oss og studere marxismen. Det betyr debatt.
- 4) Debatten om NKS sine særegne oppgaver og de intellektuelles rolle er igang fra før Landsmøtet. Her stod det svære motsigelser. Debatten fortsetter i dette nummeret av 4.mai, nå som Landsmøtevedtaka er ute.

Alle medlemmer kan skrive i 4.mai. Alle innlegg blir tatt inn. Hvis noen synes at debattene går dem over hodet så er de ikke aleine om det. Det er et problem at det skal mye til før nye medlemmer skriver i 4.mai, og NKS består stort sett av nye medlemmer. En måte å gjøre det på er å skrive innlegg sammen med andre. Vedtak som blir gjort i lag og distrikt, kan med fordel sendes inn til bladet sånn at alle medlemmene kan sette seg inn i diskusjonene.

Når du har skrivi et innlegg, gir du det videre til DS eller til talspersonen for sentralstyret der du er. Hun/(han) kjenner adressa innlegget skal sendes til, og sørger for at det kommer fram.

Det blir 3 nummer av 4.mai dette semesteret. Fristene for å sende inn innlegg er sånn:

Innlegg til 4.mai nr.2/87 må være framme i Oslo Fredag 3.april, det ferdige bladet skal være ute i distrikta mandag 20.april.

Da har dere 3 1/2 uke til å skrive svar på innlegg og sende dem avgårde. Innlegg til 4.mai nr.3/87 må være framme i Oslo Fredag 15.mai. Meninga er å få ut nr.3 før sommerferien.

Uansett frister, har du et innlegg så send det uansett og det kommer med i det neste nummeret av 4.mai.

4.mai ansvarlig

STUDENTKAMPEN, -KVA ER VÅR OPPGÅVE SOM KOMMUNISTAR?

Det siste året har på enkelte område vore løfterik. Studentane har vore ute i fleire aksjonar som har retta seg mot delar av borgarskapet sin utdanningspolitikk. Oppslutninga om aksjonane har vore relativt høg, - særskilt i Tromsø og Oslo. Dette tydar på ei auka irritasjon mot borgarskapet sin utdanningspolitikk og eit større aktivitets nivå på grunnplanet. Under aksjonane i Oslo uttrykte studentane sterk missnøye over NSU leiinga si deffensive haldning.

I dette gryande studentopprøret har vi kommunistar eit stort ansvar. Det er vårt ansvar å a) Nøre opp under studentanes irritasjon og kampvilje, slik at det blir fleire og meir omfattande aksjonar, og b) Politisere kampen, - i første omgang må vi få studentane til å sjå heilskapen i borgarskapet sin utdanningspolitikk og motsetnaden mellom den borgarlege staten og studentane. Vi må vidare trekke breiare perspektivar inn, t.d. kritikk av kapitalismen for å styrka den kommunistiske bevegelsen.

Denne våren har studentane ved universitetet i Oslo aksjonert mot dei siste nedskjeringane. Vår målsetning må vera å utvikle ei landsomfattande kamp som samlar alle studentar. Vi må samle folk under parolla "Rett til utdanning for alle". Samstundes med at studentane stiller konkrete krav, må vi jobbe for at dei tar stilling mot heilskapen i borgarskapet sin nedskjeringspolitikk, - dvs. vi må sloss mot alle omfordelingstankar. Vi må syna folk at det er borgarskapet sitt behov som styrar utdanninga, - ikkje folk sitt. Dette er særst viktig for å utvikle det politiske nivået i kampen.

I tida framover er det og viktig å utvikle einheiten mellom arbeidarar og studentar, og ansatte ved universitet og høgskular og studentar. Dette er viktig ikkje berre avdi det er naudsynt å ha breidde i kampen, men og avdi kamp for rett til utdanning er ein kamp om kvem som skal ha tilgang på kunnskap, kva slags kunnskap som skal tilegnast og korleis kunnskapen skal brukast.

Korleis skal vi løyse våre oppgåvar?

-NSU leiinga er ikkje til å stole på. Alt initiativ, all organisering og alle diskusjonar må sprone ut i frå grunnplanet. Det vil seie at vi må vera på faga, - vi må vera studentar som alle andre. Vi må konsentrere kreftane på som skjer her og delta på allmøtar, aktivistisk møtar og ikkje minst sosiale arrangement.

-Vi må ha ein god praksis,-både når det gjeld stil og ved at vi tar på oss praktisk arbeid(ikkje alt!)Vi må vera organisatorisk leiande,men det er ikkje nok,

-Viktigst av alt er at vi står fram og aggitere for den politikken og dei analysane vi har.Det er heilt opplagt eit stort behov for ei politisk leining av kampen .Om ikkje det politiske nivået blir utvikla,kan lufta gå ut av ballongen.Dette stillar krav til oss om at vi veit kva vi vil og har klare synspunkt.Kva er borgarskapet, si strategi?Kva kan vi vente oss av tilstrammingar?Kva vil konsekvensane av utdanningspolitikken bli?Kor står dei viktigaste motsetnadene?Innleiingar om borgarskapet sin strategi og kvinner i høgere utdanning blir spreidd og kan får ved henvending til distriksstyra.

Leiar

INNKALLING TIL KONFERANSE FOR ALLE DELEGATENE TIL NSU LANDSTING:

Konferansen blir holdt i Oslo i helgen 21/3 og 22/3. Alle som har blitt valgt som delegater til Landstinget må sette av tid til denne konferansen nå. Det kommer en ny innkalling seinere med fullstendig dagsorden og oppmøtested.

De viktigste sakene på Landstinget blir: Livslang læring, Særstipendiering, Bolig og Samskipnader, ifølge den sakslista NSU-Landsting har satt opp.

Saker som er viktige for NKS og som kommer i tillegg er Kvinner i høgere utdanning og nedskjæringene/privatisering.

På konferansen vil vi diskutere arbeidsprogram-forslagene og vedtaksforslag. Studiemateriale er det samme som til diskusjonen om statsstrategi for høgere utdanning. I tillegg må delegatene legge særlig vekt på: Arbeidsprogram-forslagene, NOU-rapporten om livslang læring og relevante sakspapirer fra Landstinget i fjor.

IK-ansvarlig i SU

Vedtak fra IK-konferansen i Oslo

Hva er situasjonen:

Den pågående offensiven fra Borgerskapet og Regjeringa for å rasere den høyere utdanninga i sin nåværende form, stiller store krav til utforming av en riktig strategi for studentkampen. NKS rolle i denne kampen må nå avklares av ledelsen.

Hvilke krav stiller det til ledelsen:

Et utgangspunkt her vil være å sammenfatte analysa av borgerskapets strategi og spre i organisasjonen.

Videre må ledelsen nå klart framstille hvordan studentene skal føre kampen og på hvilket grunnlag. Dette frontgrunnlaget må skilles fra spørsmålet om hva som er NKS sine egne målsettinger med denne kampen.

Vårt forslag til strategi for studentkampen er:

- 1) Oppretthold universitetene som en vitenskaplig utdanningsinstitusjon.
- 2) Kunnskapsformidling og forskning skal være med på å løse folks og verdens problemer i dag og i framtida.
- 3) Oppretthold et bredt faggrunnlag.
- 4) Rett til høyere utdanning for ungdom fra arbeiderklassen og kvinner.

For at NKS skal kunne opptre som det bevisste element i denne kampen, må ledelsen nå konsolidere organisasjonen og klart framstille de oppgavene som må løses.

8 MARS.

Den internasjonale kvinnetiden nærmer seg med stor hastighet, og paroler og tog for dagen er diskutert og vedtatt rundt omkring i landet. Så vidt jeg har oversikten er parolegrunnlaget for togene bra alle steder, slik at det er et godt grunnlag for å mobilisere breidt til toget. Vi har et spesielt ansvar for studenter; sentrale og lokale krav mot nedskjæringene på universitetet og forbedringer i studentøkonomien må finnes i toga. I Oslo er det i år egen seksjon på jenter og utdanning. Hovedparolen er stans raserings av kvinneutdanninger. Det skulle være stor mulighet til å mobilisere mange studenter bak denne parola, både i forhold til nedskjæringene på høyskolene (særlig sykepleier- sosialhøyskolene) og universitetet. Forsøk på nedkorting av sykepleierutdanninga og innsparingene på universitetet rammer jenter hardest. Jenter befinner seg i stort flertall innafor de fag og utdanninger som blir hardest ramme, som f.eks. psykologi, musikkvitenskap, språkfag. I tillegg er jenter hardest rammet i utdanningssituasjonen både økonomisk og omsorg for barn.

Det viktigste fram til 8 mars er å diskutere og trekke nye studenter til å gå i tog og på 8.mars fest om kvelden. Ellers kan en lage 8.mars frokost, dele ut løpeseddlar (i Oslo fås de på kvinnefrontkontoret eller kvinnehuset) og stå på stand.

GÅ I TOG !

Kvinneansv.

NKS TRENG Å BLI STØRRE!

- OM VÅR EKSTERNE VERVEKAMPANJE.

NKS ~~har~~ no ei ekstern vervekampanje, noko som vi ikkje ~~kan~~ la gå upåakta hen på lærestadane. - Dette blir da berre einkort og summarisk gjennomgang av kvifor verve/metodane for dette no, og nokre spørsmål til lagsdiskusjonane om verving.

Føremålet med all politisk aktivitet er å ~~få~~ innverknad, oppnå resultat. For å klare det må vi ha kunnskap om dei politiske strømingane som rører seg blant massane, vi må kjenne dei ulike motseiingane og jobbe i høve til desse. Vi må enten knytte oss til og bli ~~ei~~ leiande kraft i høve til visse strømingar, eller vi må drive dei på retur. Spørsmålet vi må stille oss no er difor: kva slags politiske strømingar finst/kan vi utvikle no, blant dei studentane som finst rundt oss. Dette er særleg no på to områder: Interesseskampen(-gjennom jobbinga fram mot ~~SSU~~ sitt Landsting, og ved kampen mot nedskjeringane på utdanningssektoren.) og kvinnekampen(8 mars jobbing, bøllekurs, Kvinnefronten, jenter sin situasjon i høgare utdanning.)

Framgang eller tilbakegang for NKS avheng av om vi driv eit godt eller eit dårleg ~~verve~~arbeid. Vi vervar for å bli fleire og sterkare, for å løyse oppgåvene våre betre. - For å fostre mange nye kommunistar, og for å organisere studentane til kamp. I tillegg til desse opplagte grunnane, så finst det og grunnar som er særskilde for NKS; stor avgang av medlem ~~kvart~~ semester(gjennomsnittleg fartstid i org. på vel to og eit halvt år) Dette syner at verving for oss i NKS må vere ein kontinuerleg prosess, og ei oppgåve som vi aldri kan legge frå oss.

For å verve etter dei politiske hovudlinene våre no,-interesseskamp, kvinnekamp og ved markering av NKS som den einaste revolusjonære organisasjonen for studentar, så ~~finst~~ det to hovudmetodar. Det er gjennom kommunistisk massearbeid(Propaganda, politiske diskusjonar med omlandet, ~~stille~~ oss i spissen for studentane sin kamp, markering av Forbundet.) og gjennom studiesirkklar.(Gjennom studiesirkklar vervar vi flest, - ca. 85 % av alle nye medlem, dvs som ikkje har blitt overført frå Partiet/RU.) Samstundes så ~~føreset~~ eit godt sirkel-arbeid som oftast eit godt kommunistisk massearbeid på førehand, slik at desse to tinga avhenger av kvarandre, og slik at ~~no~~ er naudsynte for å byggja NKS til ein større og sterkare organisasjon no.

11

Det blir dreve ~~ikkje~~ bra vervearbeid rundt om i landet, men samstundes finst det einskilde problem som vi må ta hand om. - Det gjeld ofte den konkrete oppfølginga av den einskilde nye kamerat, dvs. at fostringssida ved org. bygginga må styrkast, elles blir folk trette, og kan forsvinna ut etter kort tid. Dineast finst det problem i organiseringa av studiesirkel/verve-arbeidet vårt, at dette til tider er prega av for lite sentralt grep, for lite systematikk og plan. I tillegg til dette så er det manglar ved det kvalitative massearbeidet vårt som og syner seg i dårleg verving, til dømes for lite markering av NKS, for lite propaganda og for få og for grunne diskusjonar med folk, - både dei som vi skal verve, og innad i Forbundet. Det er viktig at vi i tida framover diskuterar nærare kva som konkret hindrar verving i det einskilde laget no.

Når det gjeld tiltak for å komme på offensiven i vervekampanja, så gjeld det å systematisere dette arbeidet betre, og å veremeir offensive når det gjeld å markere NKS. Men dette er ikkje den viktigaste sida ved mobiliseringa rundt vervekampanja, det er derimot at vi sjølve som NKS'arar diskuterar meir politikk både innad og utad, og trekkjer folk med via slike diskusjonar. Det er òg ved at vi sjølve går ut og diskuterar med folk at vi lærar motseiingane deira å kjenne, og slik blir vi også dyktigare til å verve, og til å argumentere for politikken vår. I tillegg til desse praktiske sidene ved vervearbeidet, så må laga diskutera dei politiske sidene. Vårplanen setter opp ei god ramme for arbeidet her dette semesteret (se den!) men spørsmåla til lagsdiskusjonane kan repeterast her, da dei rører ved nokre av dei interne problema i NKS som hindrar verving no.

-Koss motseiingar til medlemsskap møter ein mellom folk ein ønsker å verve? Koss møta deira argumentar?

-Koss motseiingar me sjøl har i høve til å verve til NKS (usemje til NKS sin politikk, NKS fungerer så dårleg at me skjønst av å diskutera medlemsskap, flaut å spørje folk m.m.

-Kva gjer me for å motverka desse sidene?

-Alle lag skal innrapportera stoda i vervearbeidet/resultatene så langt, den 10(ca.) i kvar månad, til sin AU-kontaktperson.

I tillegg til desse spørsmåla, så bør laga sjølve og gjennom diskusjonane komma fram til konkrete tiltak for å auke kvaliteten på vervearbeidet i det einskilde laget.

Lykke til!

Richard S.

STUDIER: DEN HISTORISKE MATERIALISMEN !

Landsmøtet vedtok å prioritere høgt grunnleggjande studie i det ideologiske fundamentet vårt. Fem område vart blinka ut: Filosofi(dialektisk materialisme), historisk materialisme, politisk økonomi, staten si rolle og kvinneteori.

Denne våren krev interessekampen/kvinnekampen og verving så mykje av oss, at det er begrensa kor mykje vi får gjort på dette området. Arbeidsutvalet har difor lagt opp til berre eit obligatorisk lagsmøte på studier denne våren. Dette møtet kan til dømes leggjast mellom påske og sumarleiren,

Vi har valt å starte med historisk materialisme. Dette er den marxistiske metoden anvendt på eit konkret område: Historia. Dessutan har debatten gått friskt i ML-rørsla heilt til det siste om spørsmål knytta til dette emnet. Det var ein større debatt i KK sumaren 1982, det heldt fram i Materialisten frå nr.3/4-83, og i Røde Fane frå 4/84.

Først litt om dei ulike historiesyna:

1. Marxisme hevdar at det er dei indre motseiingane som er drivkrafta til utviklinga av ein prosess. I historia om menneskesamfunnet er det motseiinga mellom produktivkrefter og produksjonsforhold som er den grunnleggjande, medan den spelar seg ut på overflata som kamp mellom klassene. Og klassene er nettopp skapt av produksjonsforholda - forholda mellom menneska når dei produserar. Det går på slikt som eigedomstilhøve og bruksrett til produksjonsmidla, arbeidsdelingane mellom ånd/hånd, kvinner/menn og by/land, maktforholda og fordelinga av godene. Produktivkrefter er slike ting som produksjonsreiskaper, menneskeleg arbeidskraft, transportnett og kunnskapar. Utviklinga av desse produktivkreftene kjem etterkvart i motsetnad til dei rådande produksjonsforholda i samfunnet, og då skjerpast klassekampen.

2. Høgreavviket innafor arbeidarrørsla har hatt det sams at dei har lagt mest vekt på produktivkreftene si rolle. Dei hevdar at ny teknologi vil sprengje det gamle samfunnet i filler, medan klassekampen og det politiske medvitet og handlinga til massane blir tona ned. Dette får konsekvensar for

oss som kommunistisk rørsle når vi skal leggja opp strategi og taktikk for arbeidet vårt, både no og under sosialismen.

3. Ei anna variant av den mekaniske "materialismen" er vektleggjing på slike tilhøve som demografi (folketilvekst) og klima. Nokre historikarar hevdar til dømes at Kina blei liggjande etter Europa avdi dei vart råka mykje hardare av jordskjelv, tørke, flom og epidemiar i tida 1400-1900. Det seier seg sjølv kvå for konklusjonar som følgjar av slik metafysikk: Mennesket må forbli framandgjort, det er dei ytre kreftene som rår.

4. Ei tredje variant av vektleggjing på ytre krefter har vi blant dei som tek utgangspunkt i verdsmarknaden. Dette gjeld for fleire innafor dei såkalla "avhengighets"- og "analles"-skulene. Fleire av dei hevdar at dei ytre tilhøva gjer det umogleg for land i den tredje verda å frigjere seg frå imperialistisk utbytting og få til ei eiga utvikling. Frå deira ståsted blir det til dømes umogleg å forstå utviklinga i Kina 1949-1978.

5. Alle desse historiesyna er på sitt vis "materialistiske". Det vil seie at dei tek utgangspunkt i materielle tilhøve som produksjon, teknologi, marknad, demografi eller klima. Ganske annleis er det med den historiske idealismen. Den hevdar at kulturelle faktorar som religion, tradisjon, haldningar, rettsoppfatning og politikk i tydinga lover og statsform er avgjerande for den historiske utviklinga. Dette synet står sterkt på fleire historiske institutt i Noreg. Finn Fuglestad i Oslo er eit døme. Han hevdar at akkumulasjon er eit spørsmål om haldningar. Vi i vesten har hatt ei snøggare utvikling avdi vi har ei annleis kultur. Vi er meir "profane" eller "sekulariserte", det tyder at vi er mindre religiøse. Rådet til folka i den tredje verda blir ut frå dette: Tenk som oss, så får dokker utvikling !

Laget bør drøfte ulike historiesyn og dei politiske konsekvensane dei har. Særleg bør det leggjast vekt på å få fram skillene mellom

- - materialisme og idealisme ←
- (- mekanisk og dialektisk materialisme)
- (- vektleggjing på ytre vs. indre tilhøve)

Det bør også setjast av tid til å gå gjennom dei sentrale begrep i historisk materialisme, slik at alle får grep om innhaldet i dei: Produksjonsforhold - produktivkrefter - basis - overbygning.

Dersom det blir tid att, kan ein ta for seg emne frå den debatten som er ført om korleis ein skal forklare overgangen frå ein produksjonsmåte til ein annan.

Materiale til diskusjonen finst i Jørn Magdahls hefte "AKP og den historiske materialismen" frå 1986. Ein kan også lese studielitteraturen i Marxistisk studiebok, trinn I frå 1983 eller Partiskolen, trinn 1A (del II) frå 1986. Her vil dokker også finne forslag til vidare lesing, til dømes nummer av Materialisten og Røde Fane frå 1983-85.

Lukke til !

Studieansvarleg.

NB !!!!!

TIL ALLE LAG I OSLO !

Raud Front har allmøte tirsdag 17.3 kl.18.00 i 12.etasje i MatNat-bygget på Blindern. Der skal plattformen til Raud Front opp til diskusjon. Det går rykte om at nokon vil foreslå å stryke parole nummer ein: "Studentersamfunnet i folket si teneste". Vidare vil det bli foreslått paroler på det nasjonale spørsmålet, slik dei har det i Trondheim. Eit forslag er "Noreg ut av NATO - for eit sterkt og ubunde forsvar". Det kjem kanskje forslag på språk- og samespørsmålet og. Ta desse forslaga opp til diskusjon i laga før allmøtet, og diskuter gjerne plattformen med uorganiserte og !

Raud Front-ansvarleg.

INTELLEKTUELL ELLER KOMMUNIST - ELLER INTELLEKTUELL KOMMUNIST

Dei "rette" tankane kjem ikkje frå himmelen. Det meinte Mao. Det gjer ikkje dei "gale" tankane heller. Ikkje er det så lett å vite kva som er rette eller gale tankar heller i ei verd som stadig endrar seg. La oss heller snakke om kva som er nyttige tankar. For målet kan vi vel einast om, vi treng sosialisme i dette landet, alt for lenge har "kapitalismens onde idioti" fått herje. Difor treng vi fleire klassekjemparar, - og fleire kommunistar.

Ideen om at det er skarpingane blant oss som skal redde verda og leie kampen, at det er dei intellektuell som har den kunnskapen som arbeidarklassen treng, er gammal. Like gammal og velkjend er ideen om dei intellektuell som ein vaklande og "stinkande kategori", som berre er nyttige om dei sluttar å vere intellektuelle - eller let som dei ikkje er det. Desse ideane vil alltid leve i oss og blant oss, side om side. Vi kan kalle dei høgre eller venstre, like lite nyttige er dei.

Kvar kjem desse tankane frå? Historia viser at slike tankar ofte finst blant slike som oss, studentar og akademikarar som i hovudsak kjem frå småborgarskapet. Nokre kjem tilmed frå borgarskapet.

Slik er det. Der står vi. Gamle Marx var også borgar. Litt nytte har vi da hatt av han likevel. Nokon aktivist var han heller ikkje. Men mange som har kjempa mot undertrykking rundt om på jorda, har hatt glede av skrivebordsarbeidet hans.

No er det ikkje slik at det er ein regel at det kjem noko nyttig frå dei skriveborda det sit borgarar bak, slett ikkje. Det er heller ikkje ein regel at ein akademikar er intellektuell. Eller at ein arbeidar ikkje er det.

Frå skrivebordet sitt såg Marx at det ikkje var nok å forstå verda. Vi må forstå den for å forandre den, sa han. Av det skal ein ikkje trekke den slutninga at det er mest nyttig å gå i gang å forandre verda utan å gjere freistnad på å forstå den først. Oftast vil det bli ein liten knyttneve ut i lause lufta. Slikt er det mange tragiske døme på i historia.

Korleis kan det ha seg at det var borgaren Marx som førde marxismen i pennen, at det var Lenin (var han arbeidar?) som utvikla den vidare, og at det var studenten og poeten Mao som leia dei analfabetiske og revolusjonære massane i Kina? Og enda meir å undrast over, korleis kan det ha seg at vi, med småborgarleg bakgrunn, og ein samfunnsmessig praksis som studentar, er kommunistar i 80-åras Noreg? I eit land der ordet solidaritet er i ferd med å bli stroke frå ordbøkene, og parola "Forskinga i folkets teneste" for dei fleste høyrerst håplaust gammaldags?

Noko av det flotte med å vere kommunist, er ikkje at vi har ei rad med sanningar, men at vi har ein vitskap, og ein metode, den dialektisk-materialistiske metoden, som kan hjelpe oss å forstå verda, - for å forandre den. Og dette gjev oss eit positivt menneskesyn. Mennesket er skapt av vilkåra sine, og ideane kjem frå den samfunnsmessige praksisen. Men dette er ikkje ein mekanisk prosess. Samstundes er mennesket i stand til å reflektere over sin eksistens og sjå seg sjølv utanfrå. Mennesket er difor ikkje priggitt klassebundne idear. Det er istand til å tenke ut kva som må gjerast, og å sette det ut i livet. Difor er det også mogeleg for kjempandsdøtrene og legesønnene å bli kjempande kommunistar.

Og mennesket sitt medvit kan utvikle seg, over tid. Det er difor vi partikommunistar, er det ikkje? La oss lage ein solskinshistorie. - Frå å ønske seg villa og bil i Åsen, og tenke at enhver er sin egen lykkes smed, - kan jusstudenten Anna begynne å lure på kva russarane skal i Afghanistan, - det er da for jævlig, og kva i all verda kan det ha seg at eit samfunn som satsar på forskning legg ned universiteta? Anna er begynt å bli irritert. Da set vi oss ned med henne på kantina, pratar om det ho er opptatt av, og viser at det faktisk er logisk, staten sin rolle under kapitalismen, imperialismen og alt det der. Men vi tek oss først god tid til å lytte på henne. Anna klør seg i hovudet. Om hausten spør ho om å få bli med på studiesirkel. Som ferdig jurist jobbar ho med å forsvare rettane til asylsøkarar. Ho skriv ein kronikk i Dagbladet om korleis lovverket fungerer overfor kvinner som vert mishandla av mennene sine. Mange rasande kvinner skriv brev til justisministeren, og det er kø på kvinnefrontkontoret. Ei vaskhjelp vert oppsagt på jobben. Kari fører saka, som dei taper. Men vaskhjelpen vert med Anna på neste møte i Kvinnefronten, og ho skjønner meir om makt i dette landet. Anna går ikkje "i spissen", men ho er ganske nyttig å ha. Kanskje er ho kommunist, kanskje abonnerer ho berre på klassekampen.

Det er ganske ok at ikkje alle juristar er reaksjonere, sjølv om dei ikkje direkte lagar nokon revolusjon.

Mao sa meir. Skal vi løfte ei bøtte vatn, må vi starte der bøtta står, på bakken. Når vi skal utvikle kommunistar, må vi starte der folk står. Ikkje er det så rart at studentar er opptatt av faget sitt. Kanskje vi kan få dei til å skjønne litt meir om vi tek tid til å diskutere organisasjonspsykologen sin rolle i næringslivet, eller Freud sitt kvinnesyn, viss det er det dei er opptatt av. Mennesket er eit mangfoldig vesen. Samstundes kan ho faktisk vere nokså opptatt av kor ho skal få pengar til å kjøpe brød og margarin for, og ho er uroleg for at utdanninga skal bli rasert. Kva skal vi snakke om da? Er det ikkje det same, dersom det kan føre til at folk rører på seg og ideane sine? For vi har da ikkje tenkt å stoppe opp ved brødet og margarinene, slik andre har gjort i dette landet før.

Det ryktast at det er gjort eit vedtak om dei intellektuelle sin rolle. Dei kameratane som av hjartet meiner at intellektuelle må slutte med å vere intellektuelle, at dei helst bør vere heilagjeng til arbeidarklassen, på sidelinja, som meiner at eit kommunistisk studentforbund nærast er eit paradoks, vil eg oppmøde om å ta konsekvensen av det, og bli arbeidarar fullt ut. Eit slikt val må respekterast. Truleg er det mest nyttig for dykk sjøve, for det er usunt å leve med konstant sjølvforakt. Det vil også vere mest nyttig for klassekampen, og for studentmassane. Sjølvforakt har sjelden nokon kunne gjere seg nytte av. Og den fungerer dårleg i læreruttinga. Kanskje er det ingen som meiner dette. Det skal ein ikkje klage over.

Er det nokon som meiner det er viktig å bruke den vitskapen vi har, når vi skal legge opp politikken vår, som meiner at vi må møte studentane der dei er når vi prøver å få dei til å bli same med oss, som meiner at vi treng kommunistiske intellektuelle i framtida, at vi har eit ansvar for at våre fagfeller på dei ulike faga gjer ein jobb som fungerer så nokolunde anstendig for folk flest, at det betyr noko om akademikarar i det minste spør seg kva interesser dei tener, at vi ikkje treng overlata heile kampen om hovuda til SVarane (det var berre dei som skreiv fagpolitiske bøker i 70-åra), og som meiner at dette ikkje står i motsetnad til å få med studentar til å marsjere i gatene, - da får desse bli att på universitet og høgskular og fortsette det tolmødskevande arbeidet å få fleire til å sjå at vi treng sosialisme. Vi har framleis mykje å lære av gamlekarane som utforma denne vitskapen, og noko må vi finne på sjølve.

Frå eit skrivebord, i all hast. Turid.

OM VÅRE SÆREGNE OPPGAVER

På landsmøtet er det fatta et vedtak: Om våre særegne oppgaver som kommunistisk studentforbund. Dette er et viktig vedtak, etter min mening det viktigste som ble fatta på landsmøtet.

- 1) Fordi det oppsummerer flertallets syn på hva oppgava til NKS er på en presis måte.
- 2) Fordi spørsmålet om våre særegne oppgaver var kjernespørsmålet i linjekampen fram til landsmøtet og på sjølve landsmøtet.
- 3) Fordi dette synet på våre særegne oppgaver i hovedsak er feil.

Linjekampen hadde sitt utspring i Oslo, hvor flertallet i Oslo stod og fortsatt står på et annet syn enn det landsmøtet gjør i vedtaket. Jeg tror at det har vært vanskelig for medlemmene i distrikta utenfor Oslo å gjøre seg kjent med denne motsigelsen fram til landsmøtet. Nå som Oslo DS er lagt ned og Oslo dermed står uten en egen politisk ledelse på distriktsplan, er det særlig viktig at denne motsigelsen blir reist i hele organisasjonen. At mindretallsvedtaka fra landsmøtet ikke har blitt trykt opp sammen med vedtaka fra landsmøtet sånn at mindretallssynet er lite kjent ute i organisasjonen gjør ikke dette mindre viktig. Det går ikke an å trylle bort motsigelser ved å late som om de ikke er der.

Om våre særegne oppgaver sier vedtaket:

Innafor ML-bevegelsen er det NKS sin særegne oppgave å verve og fostre kommunister blant studentene. Innafor studentbevegelsen er det vår særegne oppgave å bygge en kommunistisk organisasjon og propagandere for M-L-M. Sitat slutt.

Det er ei allmenn og ikke ei særegen oppgave å verve og fostre kommunister, det er noe helebevegelsen må gjøre, både RU AKP og NKS. Det er ei allmenn oppgave å organisere studenter. Men grunnen til at vi trenger et eget Studentforbund er at studentene er ei egen gruppe i samfunnet, som lever under spesielle forhold = studielån/hybel, og som har en spesiell hovedbeskjeftigelse = studerer. Hvis det ikke hadde vært noe spesielt eller særegent ved studentene som skilte dem fra resten av befolkninga, hadde det ikke vært noe grunnlag for NKS. AKP kunne ha organisert studentene direkte.

Jeg mener at både ml-bevegelsen og studentene trenger NKS. Men vedtaket gjør organisasjonen til et mål i seg sjøl. Det sier ingen ting om hva NKS skal gjøre i forhold til det som er særegent med studentene. Dette er den største feilen.

Jeg mener at den særegne oppgava til NKS er å gjøre studentene til ei sjølstendig kraft i kampen for sosialisme og revolusjon. For det er sosialisme vi slåss for. NKS er ikke et mål i seg sjøl.

Alliansen mellom arbeidere og studenter er først reel når studentene er ei egen kraft i alliansen og organisert utfra detsom er særegent ved dem som studenter. Og det er 1) utfra de sosiale vilkåra som gjør at studenter har felles interesser med arbeiderklassen, og 2) at det er bruk for høyere utdanning for å bygge et sosialistisk samfunn, at utdanninga i dag skal tjene arbeiderklassen og flertallet av folkets interesser, og at ml-bevegelsen trenger flere intellektuelle!

Så er det synet på de Intellektuelle:

Linja om å bli mer intellektuelle er feilaktig av flere grunner sier vedtaket, og så følger 5 punkter; og det først lyder sånn:

Punkt 1) Denne linja ser bort fra at hovedsia ved vår virksomhet må være vår rolle som kommunister, ikke vår rolle som intellektuelle. Kommentar: Feil måte å stille motsigelsen på. Det går ikke an å være kommunist uten å være intellektuell, enten du er arbeider eller student. Og en kommunist som jobber blandt studenter er en dårlig kommunist hvis hun ikke tar utgangspunkt i studentenes spesielle situasjon, når hun omgås og diskuterer med studenter. Masselinje! Det gjelder å bestemme seg. Enten må studentene regnes å ha objektive interesser avsosialismen og da er det viktig å jobbe for at de

allierer seg med arbeiderklassen. Eller så er det en sjølmotsigelse å drive med Interessekamp blant studentene.

Enten er det som studentene driver på med viktig i kampen for sosialismen - teori og kunnskap og sånt. Og da må vi slåss om huene deres og for at de forsker og bruker kunnskapen i arbeiderklassens tjeneste. Sånn som f.eks. Liv Finstad og Harald Stabel gjør. Eller så kan vi proletarisere oss hele gjengen og begynne å brenne bøker.

Vedtaket bygger på feil syn på marxismen:

Det er den konkrete analysa som er marxismens levende sjel. Uten at vi hele tida analyserer virkeligheten rundt oss, og hvordan den forandrer seg, forfaller marxismen til dogmatisme og allment riktige standpunkter pr. definisjon. Å vedta et sånt standpunkt og praksis som den riktige linja, er etter min mening å gå langt over streken. For NKS sin del betyr det at vi må finne ut hva som skjer med borgerskapets offensiv for å legge om og bygge ned høyere utdanning. Dette er helt nødvendig for at NKS skal kunne stille opp med et frontgrunnlag som gjør det mulig å samle flest mulig studenter til kamp mot staten. Kall det NKS særegne oppgave.

Allmennt og Særegent:

Det går an å løpe rundt å rope Staten- Staten - kamp mot staten, men det hjelper i høyden til at vi isolerer oss sjøl. For at andre studenter skal sjønne hva vi mener må vi kunne vise hva som er drivkreftene bak den utviklinga vi ser i høyere utdanning nå. Og vi må gjøre det konkret. Først når vi har klart det, har studentene en forståelse av den Norske Staten anno 1987, som gjør at de ser nødvendigheten av langvarig kamp og at det er klassekamp. Men hvis vi løper rundt og tror at det finnes noen annen måte å forstå hva staten er, som er et særskilt privilegie for oss; er det overtro av god gammel type, et forsøk på å vinneklassekampen med magi.

Problemet er ikke at studentene og de intellektuelle skal ha eneretten til å utvikle politikken til ML-bevegelsen, idag er NKS ihvertfall ikke istand til det. Problemet er at hvis den anti-intellektualismen som kommer fram i landsmøtevedtaket er rådende i NKS, så kan ikke NKS engang bruke marxismen som et redskap til å forstå den virkeligheten vi står planta midt i.

Hvis det er sånn at NKS ikke ser nødvendigheten av å slåss for at kunnskapen må stilles i arbeiderklassens tjeneste. Når borgerskapet raserer utdanninga og studentene stiller spørsmål til det som skjer og aksjonenrer nettopp fordi framtida betyr noe, da har NKS gravd seg ned.

Med Kameratslig Hilsen

Kalle

KVINNEUNDERTRYKKING OG VEDTEKTENE

-EIT SVAR TIL HO MOR

Av Einar, Trondheim

Eg skal vere heilt sams med "ho Mor" i at å vise til einskilte paragrafar i Vedtektene kan fungere som eit dekke mot å ta opp problema i organisasjonen, i dette tilfellet kvinneundertrykking.

Samstundes vil eg skarpt avgrense meg mot at eg står for ei linje som seier at det ikkje finst kvinneundertrykking i NKS i dag. Verken innlegget mitt i nr.5 eller nokre av innlegga i nr.6 kan bli tolka i den retninga. Tvert om har eg poengtert at eg meiner kvinnekampen er viktig.

Det eg har reagert mot er usynleggjerings av dei kvinnfolka som har vore med i NKS tidlegare og som la ned eit, stort arbeid for rørsle. Dei sto i spissen for å reise kvinnekampen både internt og eksternt. Dette ga seg sanne utslag som kvinneopprøret og -diskusjonane frå sommaren '82 til LM'83 og vidare sanning som kvinne"fraksjonering" (i alle fall her i distriktet). Haustleira '84 hadde kvinnekampen som tema. Det var jentene i DS og laga som sloss dette fram. Diskusjonane og kampene rundt dette fikk m.a. det konkrete utslaget at LM'85 vedtok dei nye §§ 7 og 12 i Vedtektene.

Vedtektene er ein reidskap i kampen. Dette gjeld òg for kvinnekampen. For å følge opp §§ 7 og 12 må vi verve, fostre og utvikle mange nye jenter og drive kamp mot kvinneundertrykking. I haust har det gong på gong vore nyttig å bruke desse paragrafane i det konkrete arbeidet.

Ho Mor skriv : "Men jeg tror ikke en mann forandrer seg fra å være undertrykker til ikke å være det, bare fordi det står i Vedtektene." Dette er ei feillesing av Vedtektene. Vedtektene tar jo nettopp utgangspunkt i at ingen endrar seg så følt ved å gå inn i NKS. Derfor seier ikkje Vedtektene at det ikkje finst kvinneundertrykking i NKS, men tvert om at mannfolka har plikt til å kjempe mot den undertrykkinga dei sjølve og andre måtte stå for.

Til slutt vil eg avgrense meg sterkt mot den siste setninga i innlegget til Ho Mor. Ho skriv : "Uten full kvinnefrigjering kan vi aldri få et sosialistisk samfunn." Dette er feil. Full kvinnefrigjering er umuleg under kapitalismen og det er berre ved å innføre sosialismen at vi legg grunnlaget for full kvinnefrigjering. Uten full kvinnefrigjering kan vi aldri få eit kommunistisk samfunn.

SKRIV NYNORSK (Eller betre,- SKRIV NORSK!)

Det nye sentralstyret i NKS har fatta eit målpolitisk fråsegn. Vi går inn for nynorsk som einaste skriftmål i landet. Det er ikkje berre meint som eit papir vedtak, så alle NKS'arar bør ta konsekvensane av det og skrive nynorsk. Sjøl folk som har skreve bokmål heile sitt liv kan klare det. Sjøl om du skrivar nokre feil er det ingen som hugger av deg halsen.

Leiar.

Reise seg

Den som aldri har lege oppskrubba i utforbakkar,
aldri har halta med gips rundt ankelen,
aldri falle for smil frå lepper
som løynde hoggtenner og blitt oppnaga nær inntil døden
aldri har vandra i glede mot utstrekke hender
som greip hardt og slo — funne seg liggande i blod
einsam på jorda,
aldri har gått seg vill i skremmande skogar
på leiting etter ein blome med ukjent namn
aldri har stupt i trapper av rusgifter
og svimla i svermar av ukjende stjerner,
har aldri kjent den umåtelege glede
ved å kunne reise seg att, falle og reise seg att,
finne att den første veldige siger langt, langt
tilbake i ein barndom som tida har raka oske over.

Som eingong langt tilbake i urtida, kravlar
eg meg opp på jorda att, først på hender og kne
så står eg på egne føter og kan gå!

MARIE TAKVAM

